

1 RINF1200 Eksamen H21

Alle spørsmål i oppgåva skal svarast på, og alle svara skal grunngjevast.

Produksjonsselskapet Awsm Productions held til i Oslo og produserer diverse underholdningsprogram for norske TV-kanalar. Hausten 2021 produserte Awsm Productions eit program kor deltakarane kledde seg ut i fantasifulle kostyme og song kjende songar, medan TV-sjåarane kunne gjette på kva kjende personar som skjulte seg under utkledningane. Programmet vart sendt direkte ein gong i veka på ein landsdekkande TV-kanal. I denne perioden fekk programmet omfattande medieomtale, og det var mykje diskusjon i offentlegheita om kva kjendisar som opptredde i dei ulike kostyma.

Ein av dei utkledde deltakarane hadde eit svart hundekostyme med ei lang, raud tunge, og gjekk under namnet «Vaktbikkja». I ein artikkel publisert på TV-kanalen sine nettsider i forbindelse med premieren, kom det fram at kostymedesignar Marte Kirkerud hadde basert kostymet på Edvard Munch (1863–1944) sitt måleri «Sint hund» – gitt att nedanfor.

Spørsmål 1: Er måleriet «Sint hund» av Edvard Munch eit åndsverk?



Det var inga tvil om at kostymet til «Vaktbikkja» var prikk likt hunden på Munch sitt måleri. Kunstkritikar Lars Holm vart svært provosert då han las artikkelen, og skreiv ein kronikk kor han hevda at Munch sine arvingar hadde krav på erstatning frå kostymedesignar Marte Kirkerud for å ha kopiert måleriet. Marte meinte dette var feil, då ho berre hadde kopiert hunden frå bildet, og ikkje heile biletet. Dessutan var ikkje Munch sitt verk lenger verna av opphavsretten.

Spørsmål 2: Kan Munch sine arvingar krevje erstatning frå kostymedesignar Marte Kirkerud for å ha kopiert Munch sitt måleri?

I kronikken hevda Lars Holm også at Awsom Productions sin bruk av hundekostymet i et useriøst underholdningsprogram utgjorde ei krenking av Munch sin «anseelse», og at dette var et brot på åndsverkloven.

Spørsmål 3: Er Awsom Productions sin bruk av hundekostymet i programmet i strid med åndsverkloven sine føresegrer om ideelle rettigheter?

TONO forvaltar rettighetene til framføring av musikkverk på vegne av opphavarane. Sidan deltakarane i programmet skulle framføre kjende låtar kvar veke, hadde TV-kanalen inngått avtale med TONO om betaling for framføring av musikkverk under direkte-sendingane. Programmet vart ein suksess, og for å nå endå fleire sjåarar gjorde TV-kanalen dei tidlegare direktesendte episodane tilgjengeleg i TV-kanalen sin nettspejar.













Nokre veker seinare vart TV-kanalen kontakta av TONO som kravde ytterlegare betaling for bruk av musikkverka. TONO viste til at programma kor framføringane inngjekk også låg tilgjengeleg i nettspejaren, og at slik bruk av musikken ikkje var omfatta av avtalen med TV-kanalen. TV-kanalen hevda på si side at dei ikkje skulle betale noko ekstra. Framføringane som låg tilgjengeleg på nett, var jo dei same som hadde blitt kringkasta direkte.


Spørsmål 4: Kan TONO krevje tilleggsbetaling frå TV-kanalen for å legge programma ut på nett i etterkant av direkte-sendinga?

Fotograf Kari Knips syntest det var gøy å gjette på kva kjende personar som skjulte seg under kostyma, og ho fekk mykje trafikk på nettsida si ved å skrive innlegg kor ho spekulerte i kven dei ulike deltakarane kunne vere. Kari Knips hadde lenge vore overtydd om at «Vaktbikkja» var den kjende filmskodespejaren Stella Berg. Ho skreiv eit innlegg om dette på nettsida, som ho illustrerte med ei bilete ho sjølv hadde tatt av Stella Berg då Kari var gjest i bryllaupet hennar. Stella Berg var svært misnøgd med biletet Kari Knips hadde tatt av henne, og kravde det fjerna frå nettsida. Kari Knips motsette seg dette, då ho meinte avbildinga hadde aktuell og allmenn interesse på grunn av hennar mistanke om at Stella var med i programmet.

Spørsmål 5: Kan Stella Berg krevje at Kari Knips fjernar biletet av henne frå nettsida?

Skriv svaret ditt her...

Format ▾ | **B** *I* U x_2 x^2 | I_x |   |    |   |   |  |  |  |



Words: 0

Maks poeng: 0